

**Lindås Kommune**  
**Bygesak**

Eikangervåg, 22.11.2019

**Kommentar / merknad til klage på vedtak gjort i plan- og miljøutvalget.**

Me viser til klage datert 14/11-2019 på vedtak gjort i plan- og miljøutvalget. Slik me ser det fremfører ikkje klagar nye moment i klaga, alle dei moment som vert framført er grundig vurdert av utvalget både under - og i etterkant av -befaring på eigedomen.

Vår vurdering har vore - og er fortsat - at klagar vert tilstrekkelig ivaretatt ved oppføring av levegg slik vedtaket no stiller krav om. Ved gjennomføring av dette tiltaket imøtekjem ein alle klagar sine relevante innvendingar til tiltaket på ein god måte. Resterande moment og historiske forhold som vert tatt opp i klagen - som også var tatt opp på befaring og difor var kjent for utvalet før vedtak - er ikkje relevant for behandling av denne konkrete saka slik vi ser det.

Når det gjeld presedens som klagar løftar i klagen er vi ikkje einig i den vurderinga. Ein altan som er direkte knytt til / fast i huset er nettopp det – fast i huset. I vår sak kjem me heller ikkje nærmare nabogrensa en bustaden allereie er etter at kommunen sjølv plasserte den slik for mange år sidan. Med andre ord er betingelsane for at ein liknande situasjon skal oppstå – og såleis at saka skal kunna skapa presedens - at sjølve bygningen allereie er plassert innanfor 4 meters grensa før ein fører opp altan som då likevel ikkje kjem nærmare grensa en det bygningen allereie er. Dette legg med andre ord snevre rammer for dei konkrete forhold i saka, noko som igjen medfører svært marginal opning for direkte samanliknbare saker og dermed presedens verknad.

Vidare vil det alltid måtta gjerast særskilte vurderingar i kvart enkelt tilfelle – i vårt tilfelle er den særskilde vurderinga at plassering og retning på tiltaket gjer at ein kan godkjenna oppføring 2 meter frå grensa, så sant ein skjermar for innsyn mot nabo gjennom oppføring av levegg. Dette er ei konkret vurdering av stadlege forhold som ikkje automatisk kan vidareførast til andre saker.

Saksbehandlinga i saka har med seg all historikk, som forøvrig var godt kjent for utvalet når dei var på befaring / gjorde vedtak. Det er med andre ord ei grundig og god vurdering av alle relevante forhold som ligg til grunn for vedtaket og me ser ikkje at klagen framfører nye moment i saka som bør endra på dette.

Med vennlig helsing  
**Kålås Bygg AS**



Lars Alvær Hagesæter  
Daglig leder

**KÅLÅS BYGG AS**

Tlf: 56 35 33 70 – [www.kalasbygg.no](http://www.kalasbygg.no)

